



INTERNT NOTAT

Dato: 13.01.2009

Til:
Larissa Dahl

Frå: Linda Folkestad

UTTALE VEDRØRANDE UTVIDA BRUK AV AVKJØRSLE GNR. 188, BNR. 184 I FORBINDELSE MED NY PARKERINGSPLASS, KNARVIK BURETTSLAG.

Vegavdelinga har vore på synfaring ved den aktuelle avkjørsle. Slik avkjørsle er bygget i dag, tilfredsstillar den ikkje dei tekniske krava fastsett av vegdirektoratet (forskrift FOR-1964-07-16 nr. 3905). Avkjørsle har ikkje tilstrekkeleg svingradius og har ein utforming som er for bratt og for skrått på offentleg veg. Avkjørsle kan derfor ikkje utbetrast slik utbyggar ønskjer da dette vil føre til at avkjørsle blir brattare. Vegavdelinga vil, ved utvida bruk av avkjørsle, krevje at denne flyttast lenger opp i Lyngvegen. Dette vil gje ein meir tilfredsstillande utforming og muligheit til å tilfredsstilla minste krav til svingradius (sjå vedlagt kart der ny avkjørsle er teikna inn, minimum svingradius $r=3\text{m}$, diameter $d=6\text{m}$ (vegdirektoratet krev $r=4\text{m}$ og $d=8\text{m}$)).

I forbindelse med den nye parkeringsplassen får ein utvida bruk av eksisterande avkjørsle (som er søknadspliktig). Utvida bruk av avkjørsle medfører krav om utbetring dersom denne ikkje tilfredsstillar tekniske krav som er fastsett av vegdirektoratet. Med auka trafikkmengde gjennom avkjørsle er det svært viktig at avkjørsle, ved Gnr 188, Bnr. 184, vert utbetra.

Vegavdelinga vil sette følgjande krav til utbetring av avkjørsle:

- Avkjørsle må flyttast for å få ein betre utforming slik at den blant anna kan tilfredsstille minimums kravet til svingradius (sjå vedlagt kart). I dag ligger avkjørsle høgare enn kommunal veg. Dette medfører at overvatn vert leda ut i hovudvegen. Flytting av avkjørsle vil gjere det muleg for eit betre profil der avkjørsle får eit fall frå kommunal veg (forskrift av 1964, punkt 3). Avkjørsler skal byggast slik at det er god oversikt i kryss og slik at den fører til minst muleg ulempe for andre som ferdes på offentleg veg (forskrift av 1964, punkt 4). Avkjørsle skal så vidt det er muleg, leggest vinkelrett på offentleg veg (her er dette mulig). Ved endra bruk av avkjørsle, i dette tilfellet auke i trafikkmengde, skal ein setje høgare krav til avkjørsle (i dag er ikkje avkjørsle tilfredsstillande for dagens bruk). I forbindelse med utvida bruk skal ein setje krav til utbetring dersom avkjørsle ikkje tilfredsstillar dagens krav, om nødvendig kan ein krevje flytting.
- Avkjørsle skal ha ein utforming slik at den på dei to første metrane har eit fall frå kommunal veg på minimum 2,5% (5cm) før vegen stiger igjen. Verdiane gjeld veg med ferdig dekke.

- Under avkjørsla skal det leggest dreneringsrør med ein diameter på minimum 200mm. Dreneringsrør skal leggest slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Det skal være uhindra sikt (fri sikt) i eit område langs offentleg veg på kvar side av avkjørsla. Siktsona vert konstruert ved hjelp av ein sikttrekant 4m inn i avkjørsla og minimum 30m i kvar retning. Siktsona skal være fri for sikthindringar som mur, hekk, trær, buskvekstar eller andre sikthindringar som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av brukarane av avkjørsla, uavhengig av kven som eig eller har påkosta avkjørsla.
- Svingradius skal være slik at ein kan svinge både til høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er satt til minimum 3m.

Det er §§ 40-43 i Veglova, forskrift FOR-1964-07-16 nr. 3905, samt vegnormal (handbok 017) utgitt av vegdirektoratet/Statens vegvesen, som gjev lovheimel for at ein **skal** setje krav til avkjørsler frå offentleg veg.

Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift